Fra: Hallgeir Lund[lundhallgeir@gmail.com]
Mottatt: 15.08.2026 19:06:41
Til: Postmottak Fyresdal[postmottak@fyresdal.kommune.no]
Tittel: Klage på vedtak om endring av rammeløyve for gnr. 38 bnr. 133 og 134

Fyresdal kommune
Klokkarhamaren 6
3870 Fyresdal

Eg viser til Fyresdal kommune si sak med referanse 2025/183 - 89.

Eg har lese gjennom skriva som Anette Lie, Jostein Nedrebø og Ådne Libjå har sendt inn
i samband med denne saka og stiller eg meg 100 prosent bak deira skriv.

I samband med dette vil eg òg påpeike den kraftige auken av rystingar og støy som vi som bur her på Snartland oppliver etter at arbeidet med peling vart flytt til den tomta som ligg
nerast husa her i grenda. Det er svært krevjande å oppleve rystingar der det klirrar i til dømes kjøkkenbenken, ovnsdøra, vindauge og skåp storparten av dagen.
Sondag er den einaste dagen med fred og ro.

Grunna ferieavvikling der eg kom heim i ettermiddag, kunne eg ikkje sende denne klaga på vedtak om endring av rammeløyve før nå.

Med helsing

Hallgeir Lund
Birtedalsvegen 103
3870 Fyresdal